



**Hauggrend  
3870 Fyresdal**

**[www.fnat.no](http://www.fnat.no)**

**Tlf: 35 06 77 00**

**Fax: 35 06 77 09**

**Epost: [post@fnat.no](mailto:post@fnat.no)**

**Utarbeida av:  
-Lars Erik Gangsei**

**September 2004**

## **Risiko og Sårbarhetsanalyse**

### **Spreidd hyttebygging ved Skrevatn, Tokke.**

**Tema Miljø**



**Oppdragsgjevar:**



**-Tokke kommune**

## Føreord

Vi vil takke Tokke kommune for oppdraget med rapporten. Åge Verpe, Elin Skålid, Sverre Bakke og Ove Geir Nevestveit har vore hjelpsame med opplysingar, grunnlagskart og anna vi har etterspurd, samt kome med verdfulle innspel til problemstillingane som vert tatt opp i rapporten. Vi vonar rapporten kjem til nytte i Tokke.

Vi vil og takke Fylkesmannen i Telemark ved Espen Marker for hjelp med opplysingar frå Naturbasen.

Fyresdal 10.09.2004



Lars Erik Gangsei

**Tittel:** Risiko og sårbarhetsanalyse ved spreidd hyttebygging ved Skrevatn, Tokke. Tema Miljø  
**Oppdragsgivar:** Tokke kommune  
**Forfattarar:** Lars Erik Gangsei  
**Publikasjon:**  
**Prosjektlear:** Lars Erik Gangsei, Faun Naturforvaltning AS  
**Prosjektstart:** 01.06.2004  
**Prosjektsslutt:** 10.09.2004

**Referat:**

**Samandrag:** Norsk  
**Dato:** 10.09.04  
**Tal sider:** 12 + vedlegg  
**Emneord:** Tokke, Skrevatn, spreidd hyttebygging, risiko og sårbarhetsanalyse  
**Utgivar:** Faun Naturforvaltning  
3870 Fyresdal  
Tlf. 35 06 77 00, fax. 35 06 77 09  
Epost: [post@fnat.no](mailto:post@fnat.no)  
Web: [www.fnat.no](http://www.fnat.no)

## Innhold

Samandrag .....	5
Innleiing .....	6
Materiale og metode .....	7
Resultat .....	8
Topografi og landskap .....	8
Landskap .....	8
Vegetasjon .....	8
Vilt og fisk .....	9
Motorferdsel .....	9
Friluftsliv .....	9
Næringsverksemd .....	9
Kulturminne .....	9
Forureining .....	9
Diskusjon .....	12
Konklusjon .....	12

## Samandrag

Grunneigar (Gåstjønn) ønskjer å legge eit område nord for Skrevatn ut til spreidd hyttebygging. Verknadane på miljøet av ei slik utbygging er vurdert.

Områdeet som er vurdert er Digernes nordi Skrevatn. Dette er eit nes på om lag 250 dekar. Vegetasjonen er i hovudsak fattige barskogtypar. Det er ikkje knytt særskilte miljøverdiar til denne. For landskapet og eksponeringa av hytter er det ei betre løysing om hyttene vert lagt lenger nord inn mot Haråssanden. Det ser og ut til at her er eit område med brukbare infiltrasjonsvilkår for kloakk om ein ønskjer hytter med innlagt vatn. Vi understrekar at det krevst nøyare undersøkingar for å fastslå dette sikkert.


Ein raudlisteart heldt til i området (opplysingart unndratt offentlegheit). Det vil også for denne arten vere ei betre løysing om ei eventuell utbygging vert trekt nordover, dvs. nord for vegen. Sjølv om dette vert gjort kan hyttebygging gje seg negative utslag for denne arten.

Vi har konkludert med at ein ut frå miljøomsyn bør begrense området med spreidd hyttebygging til eit mindre areal i nordre delen av det foreslåtte området.

## Innleiing

Arbeidet med ny kommuneplan for Tokke (2003-2015) vart formelt sett i gang av formannskapet 02.05.01. Grunneigarane (Gåstjønn) nord for Skrevatn ønskjer å legge ut eit område til "spreidd hyttebygging". Dei ønskjer å kunne sette opp inn til 10 hytter. Området ligg inne i utkastet til ny kommuneplan som er lagt fram, men er både i den gamle, framleis gjeldane kommuneplanen LNF-område, kor hyttebygging ikkje er tillatt.

Denne rapporten er utarbeidd på oppdrag for Tokke kommune for å gje ei grundigare vurdering av miljøfølgjene ved spreidd hyttebygging i området.



Området som ønskast lagt ut til spreidd hyttebygging er markert "gulprikka" inni den raude sirkelen. Målestokk ca 1: 50 000.



## Materiale og metode


Frå kommunen har vi fått kartgrunnlag (ØK), naturtyperegistrering, viltkart, planomtale og høyringsutkast ved rullering av kommuneplanen og oversyn over scooterløyve i området.

Fylkesmannen skaffa oversyn over relevante opplysingar i Naturbasen.

Lars Erik Gangsei, Faun, og i området 08.09.04. Tida vart nytta til å danne seg eit inntrykk av landskap og vegetasjon, samt noe fotografering.

Frå dette grunnlaget vert verknadar av spreidd hyttebygging og spreidd yrkesbygging vurdert opp mot temaa *landskap og landskapsestittikk, vegetasjon og biologisk mangfald, vilt og fisk, forureining, næringsverksemd, friluftsliv og motorferdsel*.

Verknadane vert vurdert på ein skala som vist under, kor liten/ ingen verknad representerer gjeldande planstatus, LNF-område.



## Resultat.

### **Topografi og landskap**

Området ligg nord for Skrevatn. Skrevatn er regulert og ligg 340 m.o.h. Området som er tenkt brukt til spreidd hyttebygging ligg på vestsida av Digernes inn til Haråsstranden. Der går bilveg gjennom området.

### **Landskap**

Digernes er ein eit stort nes som stigg ut i Skrevatn, om lag 250 daa stort. Ytterst (lengst sør) består neset av ein ås, med mykje ”berg i dagen”.

Ved hyttebygging ute på neset vil hyttene eksponere seg mot Skrevatn, noe som gjer ein uheldig visuell verknad. Om hyttene vert lagt i det lågareliggende terrenget lenger nord mot Haråssanden vil denne effekten reduserast. Lenger nord er der og ein ås og ein bør unngå ”horisonteffekt” på toppen av denne åsen. Hyttene bør derfor byggast i bakken opp mot åsen.

### **Vegetasjon**

Vegetasjonen er hovudsakeleg dominert av furuskog av bærlyngtype. Stadvis er der og lavfuruskog. Utover på Digernes blir der litt frodigare med blåbærskog og noen fuktige myrsøkk.

Der finst ikkje vegetasjonstyper som utmerkar seg med høg verdi for biologisk mangfald.



*Røsslyngskog frå nordre del av området.*



## **Vilt og fisk**

Fylkesmannen har registrert ein raudliteart i området (opplysingar unntatt offentlegheit). Arten er relativt sårbar for menneskeleg aktivitet og ein må rekne med at hyttebygging i eit omfang som skissert er eit trugsmål mot arten sin bruk av området. Særleg vil hyttebygging i den sørlegaste delen ut mot Digernes vere uheldig for arten.

Ein kjenner, mellom anna frå merkeprosjekt av elg i Fyresdal, at området er eit svært viktig vinterbeiteområde for elg. Det lågareliggande området nord for Skrevatn er stadvis bare noen få hundre meter breitt og hyttebygging vil stå i fare for å forstyrre elgen. I nokon grad vil hyttebygging og stor påverke (men ikkje avskjere) lokale trekk/ rørslemønster vinterstid.

På kommunen sitt viltkart er området i Skrevatn vest for Digernes merka av som eit viktig område for andefugl. Hyttebygging vil påverke dette i liten grad.

## **Motorferdsel**

Vanlegvis vert det tildelt eit skoterløyve per hytte i Tokke om dei ligg meir enn 2,5 km frå veg. Hyttefeltet her ligg om lag på denne grensa om ein reknar frå hovudvegen. Truleg vil vegen bli brøytta på permant basis om der blir bygd hytter. På dette grunnlag bør kommunen ut frå miljøomsyn vere restriktiv med å gje skoterløyve til hytteeigarane.

## **Friluftsliv**

Det er særskilt viktig at området i strandkanten ikkje vert avstengd for ferdsel. Tomtegrensene bør derfor leggast minst 30 meter inn frå stranda, ellers er det fare for "snikprivatisering" med grill, brygge osv. Det er liten fare for "Skjærgårdstilstander", men gode vilkår for ferdsel langs vatnet bør tryggast.

Ein kan ikkje sjå at ei eventuell hyttebygging vil ha andre negative påverkingar på friluftslivet.

## **Næringsverksemd**

Vi går ikkje nøyare inn på økonomien i tomtsal. Ein må rekne med ein marginal auke i etterspurnaden etter jakt og fiskeprodukt frå hytteeigarane. Hyttebygging som skissert vil binde opp produktivt skogareal, noe som på sikt reduserer næringsgrunlaget på eigendomen marginalt.

## **Kulturminne**

Kulturminneavdelinga hjå fylkeskommunen bør kontaktast.

## **Forureining**

Vi vart spesielt bedt om å vurdere vilkåra for å bygge hytter av høgare standard, dvs. vilkår for å legge inn vatn og filtrere kloakk til grunnen. Store delar av arealet er uegna til dette, det består av berg i dagen, men eit stykke, avmerka på kartet, inneheld grusmasser (breelvvasetningar). Området ligg heilt inn til Skrevatn og er om lag 150 x 50 meter. Ut mot

vatnet ser grusmassene ut til å vere mektige, men innerst går det over til ”fjell i dagen”. Det er derfor på vårt grunnlag vanskeleg å uttale seg kor mektige massene er her. Truleg skrå berget jamnt ned mot vatnet under grusen. Grusen ser ut til å ha stort sandinnhald og den tørre vegetasjonen (bærlyngskog) på flata indikerer at massene drenerer godt (ikkje har for høgt innhald av leire og silt). For ei hyttebygging rundt 10 hytter burde arealet vere stort nok til å få lange nok spredegrøfter (50 meter spredegrøft for eit vanleg bustadhus, mindre for hytter), men der er ikkje overkapasitet.



*Noe masse er tatt ut av grusforekomsten, skjæringa visasat på bileta.*

Der finst og noe lausmasser lenger sør (avmerka på kart). Desse er prega av fjellryggar som går inn i dei (jamfør bilete), samt at der overveiande er ein fuktigare vegetasjon (m.a. blokkebærskog), noe som indikerer dårlegare dreneringsevne. Om ein satsar på infiltrasjon i grunnen er det tvilsamt om her er stort nok areal og/ eller gode nok masser i dette området.

Felles kloakkering for hyttene vil krevje ytterlegare planlegging. Ei slik løysing skulle trygge at avrenninga og med det forureininga ikkje blir noe miljøproblem ved ei eventuell hytteutbygging.



*Skisse av grusforekomst (-ane) i området. Firkanten viser omtrentleg plassering av hytteområdet. Målestokk 1 : 5 000*

## Miljøverknad

Miljøtema	Spreidd hyttebygging, Heile området	Spreidd hyttebygging, Redusert område
Landskap	<p>Negativt      Positivt</p> <p>Stort Middels Ingen Middels Stort</p>	<p>Negativt      Positivt</p> <p>Stort Middels Ingen Middels Stort</p>
Vegetasjon og biologisk mangfold	<p>Negativt      Positivt</p> <p>Stort Middels Ingen Middels Stort</p>	<p>Negativt      Positivt</p> <p>Stort Middels Ingen Middels Stort</p>
Vilt og fisk	<p>Negativt      Positivt</p> <p>Stort Middels Ingen Middels Stort</p>	<p>Negativt      Positivt</p> <p>Stort Middels Ingen Middels Stort</p>
Friluftsliv	<p>Negativt      Positivt</p> <p>Stort Middels Ingen Middels Stort</p>	<p>Negativt      Positivt</p> <p>Stort Middels Ingen Middels Stort</p>
Motorferdsel	<p>Negativt      Positivt</p> <p>Stort Middels Ingen Middels Stort</p>	<p>Negativt      Positivt</p> <p>Stort Middels Ingen Middels Stort</p>
Næringsverksemd	<p>Negativt      Positivt</p> <p>Stort Middels Ingen Middels Stort</p>	<p>Negativt      Positivt</p> <p>Stort Middels Ingen Middels Stort</p>
Forureining	<p>Negativt      Positivt</p> <p>Stort Middels Ingen Middels Stort</p>	<p>Negativt      Positivt</p> <p>Stort Middels Ingen Middels Stort</p>
Kulturminne*	<p>Negativt      Positivt</p> <p>Stort Middels Ingen Middels Stort</p>	<p>Negativt      Positivt</p> <p>Stort Middels Ingen Middels Stort</p>
Samla	<p>Negativt      Positivt</p> <p>Stort Middels Ingen Middels Stort</p>	<p>Negativt      Positivt</p> <p>Stort Middels Ingen Middels Stort</p>

\*Ikkje tilstrekkeleg vurdert.

## Diskusjon

Slik omfanget på området ligg føre i utkastet kjem det i sterk konflikt med ein raudlisteart. Vi foreslår derfor å avgrense området slik skissa under viser, sidan dette vil føre til redusert, men ikkje fjerna konflikt med raudlistearten. Det vil og gjere hyttene mindre eksponert mot Skrevatn.



*Området som ut frå miljøomsyn er best egna til hyttebygging innom det alt foreslåtte området.*

## Konklusjon

Ein bør ut frå miljøomsyn kunne tillate at eit mindre område nord for vegen vert lagt ut til spreidd hyttebygging. Dette vil gje ei betre miljømessig løysing enn det foreslåtte alternativet.